Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Vår dato:	Vår ref:
31.10.2025	2025/15507
Dykkar dato:	Dykkar ref:

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hermund Mjelstad, 5764 3124

Møteprotokoll villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell 21. oktober 2025

Det vart halde haustmøte i Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell villreinnemnd på Park hotell, Voss. Møtedag var måndag 21. oktober 2025.

Frammøtte frå nemnda:
Trygve Skjerdal (Aurland), Per-Are Halstensgård (Ulvik), Linda Neset (Modalen), Morten Farestveit (Vaksdal), Turid Haga Vange (Vik), Morten Samskott (Voss), Sigmund Tveitehagen (Ål).

Forfall: Ane Guro Moen-Aamot (Hemsedal), Ragnhild Nestegard Tormodsgard (Hol), Geir Helge Østerbø (Høyanger) og Gunhild Damstuen (Lærdal).

Vi ber medlemar i nemnda om å melde frå ved forfall slik at sekretariatet kan kalle inn varamedlem.

Frå villreinutvala møtte Sigurd Vikesland - Nordfjella villreinutval, Håkon Øydvin - Raudafjell villreinutval og Hildegunn Mugås – Fjellheimen villreinutval.

Frå sekretariatet/Statsforvaltaren: Hermund Mjelstad (sekretær).

Sakliste

11/25 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Godkjent.

12/25 Val av møteleiar.
Leiar Trygve Skjerdal vald som møteleiar.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Villreinnemnda leiar:
Trygve Skjerdal, Skjerdalsvegen 114, 5745 Aurland
Tlf. 97526883
E-post:
trygve.skjerdal@privat.alb.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Tlf. 57643124
fmsfhm@statsforvalteren.no

13/25 Økonomistatus.

Grunna sein innlevering av krav om møtegodtgjersle blir det eit høgre forbruk her enn budsjettert. Auka får ingen konsekvensar for arbeidet til nemnda inneverande år, men vi ber om at medlemane sender inn krav etter kvart møte dei deltek på, og ikkje «samlar opp».

Nemnda tek økonomistatusen til etterretning.

14/25 Orienteringssaker

Leiar orienterte om nokre aktuelle saker som har vore behandla i det siste.

Ultraløp Flåm – Myrkdalen

Norways Best planlagde ultraløp har motteke kritiske innspel frå både villreinutval og villreinnemnd. Løpet skulle gå gjennom både Raudafjell villreinområde og Fjellheimen vro. Etter det nemnda kan sjå har ikkje villrein vore eit tema i planlegginga og det er ikkje haldbart. Norways Best valde etter innspela frå villreinutvalet å avslutte planlegginga av løpet. Villreinnemnda sende likevel uttale i saka, om ikkje anna som «vaksenopplæring» for Norways Best.

Kommuneplanens arealdel – Hol kommune

Arealdelen er på 2. gongs høyring og nemnda hadde ei grundig uttale til 1.gongs høyringa. Sekretær har sendt ut eit utkast til uttale. Sigmund Tveitehagen, Ål, peika på at uttalen godt kunne vere meir spissa. Hol kommune er ein av kommunane i Nordfjella med størst aktivitet og press på utmarksareala, som utan ei god styring lett kan kome i konflikt med villreininteressene. Det er viktig at kommunen får ein godkjent arealdel som kan gjere styringa betre, og ikkje minst slik at ein unngår mange av dei dispensasjonssakene vi har sett i kommunen.

Skyte – og øvingsfeltet Forsvarsbygg. Mjølfjell – Brandset.

Forsvaret sine svært omfattande planer for merking/skilting av skyte- og øvingsfeltet har ført til sterke reaksjonar frå både lokalt hald og frå villreinnemnda. Voss herad har avslege søknaden om å merke området, og Forsvaret har klaga på dette avslaget. Klaga er no til behandling hjå Statsforvaltaren i Vestland. Villreinnemnda tilrådde å redusere tal skilt monaleg, spesielt i dei nordaustlege delane der det er fleire trekkvegar og ikkje langt frå kalvingsområde. Vedtaket til Statsforvaltaren vil bli sendt ut til nemnda når det ligg føre.

Dispensasjonssaker Hol kommune.

Villreinnemnda har motteke mange saker frå kommunen i 2025, truleg vil det ende med kring 50 dispensasjonssaker. Alle krev svar, og krev at leiar og nestleiar ser gjennom sakene, i sum har dette ført til mykje arbeid. Det er å håpe at ny arealdel kan redusere dette talet.

Revisjon av konsesjonsvilkår for Lærdalsvassdraget.

Leiar orienterte om status her, m.a. frå synfaring med Østfold Energi m.fl. I samband med revisjonen er firmaet NaturRestaurering v/Sindre Eftestøl engasjert til å utarbeide ein KU-rapport for Nordfjella villreinområde på bakgrunn av villreinutval- og nemnd sine uttaler til kravet om revisjon. Eftestøl har nytta seg av lokalkjende for å innhente kunnskap om dei delane av vassdraget som har/kan ha konflikt med villrein, og om det er moglege avbøtande tiltak som kan betre tilhøvet for reinen. Det nærmar seg avslutting av prosjektet, og ferdig rapport vil bli tilgjengeleg på NVE sin nettside når den er ferdig.

15/25 Status viktige saker i dei tre villreinområda.

Av andre sake i Nordfjella kan nemnast reetableringa av villrein frå sone 2 til sone 1, sjå og sak 16/25.

Nordfjellarådet arbeider med ein felles sti- og løypeplan for Nordfjella. Resultatet av dette arbeidet vil bli formidla når det ligg føre.

Revisjon av Aurlandsvassdraget held på. Saka ligg no I NVE som skal sende ut tilleggsutredningar på avgrensa høyring. Så vil konsesjonæren få høve til å svare på innspel før endeleg vurdering vert gjort av NVE. Vi kjem tilbake til denne saka etter kvart.

Av saker i Fjellheimen kan nemnast ultraløpet, fleire mindre kraftverkssaker og nokre motorferdslesaker.

I Raudafjell er det ultraløpet, skilting/merking av skytefeltet, og nokre saker om motorferdsle.

16/25 Reetablering status v/S. Tveitehagen.

Sigmund Tveitehagen representerer villreinnemnda i den oppretta arbeidsgruppa som skal utarbeide ein rapport med utkast til ein detaljert reetableringsplan innan 30. november 2025. Gruppa har første møte 23-24.10. Tveitehagen vil arbeide hardt for at gruppa skal levere innan oppsett tidsfrist.

Reetableringsprosjektet har og fått laga ein eiga nettside på villrein.no : Reetablering av villrein i Nordfjella | Villrein Vel verdt å følgje med her !

17/25 Fellingsresultat og status for Nordfjella villreinområde.

Fellingsresultat på 48 dyr av kvote på 80 dyr. Fordelt på 4 kalvar, 4 1 ½ åringar. 34 eldre bukkar og 6 eldre simler. Strukturteljing i haust (av 177 dyr) viste m.a. 2,8 % eldre bukk, simle 52.8 % og kalv 26.7 % (førebelse tal). Kalveteljinga frå 2. juli viste totalt 484 dyr, der kalvdelen på simle/ungdyr var på 45,7 %. Sett i høve til lågt tal eldre bukkar, så har dette ikkje verka inn på kalvedelen, og viser vel eigentleg at ungdyra fint kan bidra i paringa. Jakta vart stogga før tida, etter at det vart teke cwd-prøve av om lag 40 dyr.

18/25 Fellingsresultat og status for Fjellheimen villreinområde.

Fellingsresultat på 41 dyr av kvote på 60 dyr. Fordelt på 16 kalvar, 9 1 ½ åringar og 16 2 ½ år og eldre. Fellingsprosenten varierte frå 40, 6 % i Stølsheimen til 100 % i Fresvik, Austfjelli-Vik og Arnafjordfjella. Ser vi på vektene i år samanlikna med før fredinga er dei ganske samsvarande, men med atterhald om feilmarginar då ikkje alle er vega med vekt. Det blir oppmoda om å arbeide for gode samjaktavtaler framover for å oppnå gode fellingsresultat.

19/25 Fellingsresultat og status for Raudafjell villreinområde.

Fire eldre bukk felt i området. Det vart tald 84 dyr i vinter, del kalv var på 31 %, men truleg var det 20-30 dyr som ikkje vart funne.

20/25 Eventuelt

Møteteknisk: Møtetid tysdag 21. oktober 4 timar, førebuing 4 timar.
Satsar for møtegodtgjersle er kroner 758 for leiar og kroner 573 for medlem. For førebuing er satsen kroner 573 for alle.

Vårmøte 23. april 2026 i Lærdal, kl.10.00.

Med helsing

Trygve Skjerdal
leiar

Hermund Mjelstad
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Nordfjella villreinutval	Fjordsenteret	5745	AURLAND
Raudafjell villreinutval			
Fjellheimen villreinutval			